



Jobbnorge-ID: 110798

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

STIPENDIAT I FYSIKK (EKSPERIMENTELL RESERVOARFYSIKK)

Ved Institutt for fysikk og teknologi (<http://www.uib.no/ift>) er det ledig 2 stillingar som stipendiat i fysikk (eksperimentell reservoarfysikk). Stillingane er knytt til prosjektet "CO2 Foam EOR Field Pilots".

Stipendperioden er 3 år. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det gjerast frådrag i tilsetjingsperioden.

Prosjekt/oppgåver:

Utlysninga gjeld to PhD-stipend i eksperimentell reservoarfysikk knytt til forskningsgruppa for petroleums- og prosessesteknologi. Tilsetjing skjer under føresetnad om tildelt prosjektstøtte. Stipenda vil bli gitt for ein periode på tre år frå tilsetjingsdato. Stipendiatane blir fulltidsengasjerte i det etablerte forskingssamarbeidet i dette prosjektet; eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt mellom Institutt for fysikk og teknologi, oljeindustri og universitet i Nederland, England, USA og Frankrike.

Prosjektet er eit eksperimentelt studium av fleirfasestrøymingar i heterogene oljeresservoar, med fokus på karbonatbergartar. Hovudvekta av forskingsinnsatsen vil bli å forstå fortrengingsmekanismar i heterogene reservoar, spesielt integrerte EOR teknikkar i oppsprukne karbonatreservoar, ved bruk av CO₂ skum for mobilitetskontroll.

Prosjektet vil studere CO₂ skum EOR både i mikromodellar, i kjernemateriale og ved numerisk oppskalering til feltskala. I samarbeid med feltoperatørar vil det også bli utført feltpilotar.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Du må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i anten fysikk, anvendt petroleumsteknologi eller tilgrensa fagfelt, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Du må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Du må kunne kommunisere med fast ansatte og medstudentar, så vel som med industrielle partnerar.
- Du må kunne nytte engelsk skriftleg og munnleg.
- Du bør ha interesse for tverrfagleg samarbeid.

Eksperimentell erfaring frå høgtrykkseksperiment med CO₂ i lavpermeable bergartar vil av sikkerheitsmessige årsaker særleg vektleggjast. Kunnskap innan reservoarkarakterisering og reservoarmodellering basert på brønndata og produksjonsdata er viktig. Eksperimentell kjerneanalyse med erfaring frå kjernetracer avbilding eller MRI, PET og CT avbilding av CO₂ EOR vil bli sterkt vektlagt for at den eksperimentelle delen av prosjektet raskt kan starte. Interesse for tverrfaglege problemstillingar og vilje til samarbeid over faggrensene vil bli vektlagt.

Forskarutdanninga:

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.-grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Det er difor ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.-studiet ved Universitetet i Bergen.

Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønnssteg 50 i statens regulativ (kode 1017) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å ta kontakt med professor Arne Graue, Institutt for fysikk og teknologi, tlf. +47 55 58 27 21 / e-post Arne.Graue@ift.uib.no.

Søknaden skal innehalde:

- ei kort utgreiing om dine forskningsinteresser og motivasjon for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til minst to referansar. (Ein av desse kan vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.)
- eventuell CV
- vitnemål og karakterutskrifter for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at masteroppgåva er levert
- relevante attestar
- eventuell publisasjonsliste

- eventuelle publikasjonar

Du må laste opp attesterte omsetjingar av vitnemål, karakterutskrifter og annan dokumentasjon dersom dei ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk.

Søknadsfrist: 11. mars 2015

Generell informasjon

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Vi har difor som personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn, og likeeins personar med nedsett funksjonsevne. Vi oppmodar personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan offentleggjerast sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om det.

Den som blir tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld universitetet sine reglar om kjønnskvalifisering.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: